

Årsmelding 2016

Vest-Telemark PPT IKS

PPT for Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje og for Telemark Fylkeskommune

Vest-Telemark PPT IKS Pedagogisk-psykologisk tenestekontor

Besøksadresse: Mylletorget, Garveriv. 14, Kviteseid **Postadresse:** Postboks 43, 3836 Kviteseid

Telefon: 35 06 83 00 **Telefaks:** 35 06 83 01 **Epost:** ppt@vest-telemark.no **Internett:** www.vesttelemarkppt.no
Org.nr. 987 570 806

1. Innleiing

I årsmeldinga for 2016 blir det gjort greie for drifta av PPT sett i forhold til mål og tiltak som er nedfelt i Verksemdsplan for 2016. Forhold omkring Individretta arbeid vil i tillegg bli belyst gjennom statistisk materiale som viser omfang av tilmeldingar, saker vi jobbar med og nokre fakta kring desse. Under Internt arbeid vil det bli vist korleis vi systematisk arbeider for å betre kompetanse og tenesteyting. Årsrekneskapen 2016 vil bli kommentert når det gjeld avvik og prioriterte oppgåver.

2. Aktuell situasjon.

2.1. Generelt

PP-tenesta i Vest-Telemark er ei interkommunal teneste for kommunane Tokke, Vinje, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord i tillegg til Telemark fylkeskommune
Distriktet har i 2016 18 barnehagar, 16 barne- og ungdomsskolar. 3 av barnehagane og 2 av skolane med underavdelingar avdelingar andre stadar i kommunen. Det er 2 vidaregåande skolar i distriktet, der ein skole er fylkeskommunal og ein er private. Ein av skolane har avdelingar i to forskjellige kommunar. PPT har sine kontor i Kviteseid. Lokala blir leigd av Vest-Telemark Næringsbygg A/S. Kviteseid kommune fører rekneskap for oss. Nissedal kommunes lønnsavdeling utbetaler lønn.

2.2 Stillingar

PP-tenesta i Vest-Telemark har til saman 7,2 fagstillingar, medrekna leiarstillinga. Kontoret har sekretær i 100 % stilling.

2.3 Tilsette

Namn	Stillingsstorleik	Funksjon
Torunn Kittilsen	100 %	Dagleg leiar
Åse Brit Pedersen	100%	Sekretær
Elin Aakre Bringa	100 %	PP-rådgivar
Gørild Botner Kanstad	40 %	PP-rådgiver/pykolog
Sissel Kjeldal	100 %	PP-rådgivar
Britt Ellen Omtveit	100 %	PP-rådgivar
Einar Søreide	100 %	PP-rådgivar
Merete Tveitereid	100 %	PP-rådgivar
Roger Steinbakk	80 %	PP-rådgiver

2.4 Styringsstruktur for Vest-Telemark PPTIKS

Representantskapet si samansetning i2016

Erik Skjervagen, ordførar i Fyresdal kommune, personleg vara er varaordførar Christin Lindberg Skansen
Tarjei Gjeldstad ordførar i Kviteseid kommune, personleg vara er varaordførar Tarjei Draugedalen
Halfdan Haugan ordførar i Seljord kommune, personleg vara er vara ordførar Jon Svartdal
Jon Rikard Kleven ordførar i Vinje kommune, personleg vara er vara ordførar Øystein Høgetveit
Jarand Felland ordførar i Tokke kommune, personleg vara er vara ordførar Tone Dale Solvang
Halvor Homme ordførar i Nissedal kommune, personleg vara er vara ordførar Geir Kristian Enger
Ellen Smenes Telemark fylkeskommune, vara Kristian Espeland

Styret si samansetning i 2016:

Sverre Sæter; Nissedal, vara Jan Myrekrok, Vinje
Kjersti Bergland, Fyresdal nestleiar, vara Tjøstov Juve Tokke
Ronde Schade, Seljord styremedlem, vara Ellen Marie Prag, Kviteseid

3. PP-tenesta sine oppgåver

PP-tenesta sine oppgåver er heimla i Barnehagelova § 19 c og Opplæringslova § 5-6.

«Kommunens pedagogisk-psykologiske teneste er sakkunnig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidet lovpålagt sakkunnig vurdering. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å til rette barnehagetilbodet for barn med særlege behov».

«PP-tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det».

4. Vurdering av verksemda sett i forhold til Verksemdsplan 2015

Lovgrunnlaget blir kvart år operasjonalisert i plan for verksemda.

I verksemdsplanen er visjon og hovudmål for tenesta nedfelt.

Verksemdsplan 2016 peiker i tillegg ut tre fokusområde for PPT sitt arbeid, systemretta arbeid, individretta arbeid og internt arbeid.

Visjonen omtalar den retninga PP-tenesta jobbar mot. Hovudmål og delmål er dei måla vi sette for arbeidet. Disse må sjåast i eit langsiktig perspektiv. Arbeidsmåla blir konkretisert i tiltaksdelen som gjeld for 2015. I kva grad vi har nådd måla, heng saman med korleis vi har lukkast med gjennomføringa av tiltaka. Likeeins må ein vurdere om det er dei rette tiltaka vi prioriterer

4.1 Visjon og hovudmål

Visjon: Ei tilpassa opplæring for alle

Hovudmål: Vest-Telemark PP-teneste skal bidra til å styrke handlingskompetansen i barnehage, skole og lærebedrifter for å skape gode og stimulerande utviklings- og opplæringsmiljø gjennom tilpassa og inkluderande opplæringstilbod til alle barn, elevar, lærlingar og lærekandidatar med særlege behov.

Fokusområde: Systemretta arbeid

Delmål 1

PPT skal medverke til å avdekke og avhjelpe vanskar hos førskolebarn og slik førebygge vanskar med tanke på seinare opplæring.

Tiltak knytt til Delmål 1	Vurdering
<p>PPT skal ha faste kontaktpersonar i kommunane som samarbeider systemretta i tråd med "Retningslinjene for Forum for systemretta arbeid i barnehage" (FSB). <i>Retningslinjene fokuserer på førebyggjande arbeid, tidleg innsats, førtilmeldingsarbeid, kompetanseheving og organisasjonsutvikling.</i></p> <ul style="list-style-type: none">• Komme inn og rettleie på eit tidleg nivå i forkant av problem og utviklingsvanskar.• Rettleie i forhold til tilrettelegging og utviklingsstøtte for barn med utfordringar.• Ved behov rådgje barnehagane i førtilmeldingsarbeidet.• Ved behov rådgje barnehagen i systemretta endringsarbeid.	<p>To representantar for PPT møter dei kommunale nettverka, kalla FSB, i dei ulike kommunane 4-5 gonger pr.år.</p> <p>Det blir gitt rettleiing på uro eller utfordring som barnehagane står i, enten med grupper eller enkelte barn.</p> <p>Det blir også lagt vekt på kompetanseheving på aktuelle tema frå fagområder. Tema varierer ut frå kva som er behovet i kvar enkelt kommune.</p> <p>Det er godt engasjement i arbeidet i alle gruppene. Dei som søker rettleiing får hjelp til å analysere problemet og å finne tiltak som kan settast inn for å avhjelpe problemet.</p> <p>I førtilmeldingssamtalar blir det også gitt rettleiing slik at barnehagen kan sette inn tiltak i på vente av utgreiing.</p> <p>Arbeidet i FSB bidrar til å førebygge at vanskar utviklar seg og bidrar til at fleire får god hjelp innanfor rammene av det ordinære barnehagetilbodet, noko som igjen påverkar omfanget av tilmelding til PPT og bruken av spesialpedagogisk hjelp.</p>
<p>Systemretta rettleiing til barnehagar på grunnlag av meldt behov i FSB (lågterskeltilbod), eller som ordinær systemrettetleing i tilmeld sak.</p> <ul style="list-style-type: none">• Hjelpje barnehagen med å analysere betingelser og konteksten rundt det enkelte barnet(analysemodellen)• Rettleiing og opplæring retta mot opplæringsmiljøet, dei generelle pedagogiske aktivitetane eller dei særlege vanskan barnet viser.	<p>«Tidleg innsats teamet» sin hovudoppgåve er å hjelpe barnehagane i arbeidet med å finne gode løysingar innanfor det ordinære barnehagetilbodet.</p> <p>Teamet møter grupper av personale som har den utfordringa det blir søkt om hjelp til.</p> <p>Observasjon og pedagogisk analyse blir nytta som metode i dette arbeidet. Tilbodet ble frå 2016 gitt i fem kommunar. Det er blitt svært godt mottatt.</p> <p>Fleire barnehagar har i 2016 også tilmeld behov for systemisk rettleiing. Denne rettleiinga går over tid ut frå meld problemstilling. Det blir laga ei avtale mellom partane der mål for og omfang av rettleiinga kjem klart fram.</p> <p>Vi får positive tilbakemeldingar på desse tilboda og vurderer også sjølv at dette er vellykka tiltak. Som for FSB er også dette tilbodet svært viktig med tanke på førebyggjande arbeid og tidleg innsats.</p>

PPT skal medverke til kompetanseutvikling innan område som er aktuelle for å legge til rette for barn med særskilde behov.	Det er blitt jobba med ulike tema, samtidig er det mye læring med utgangspunkt i den rettleiing som blir gitt i saker som blir meldt (sjå punkta over).
PPT kan ta initiativ til fagnettverk på aktuelle faglege utviklingsområde for barnehagen.	Både i vårsemesteret og i haustsemesteret har PPT tatt initiativ til fagnettverk med tema «Opplæring av fleirspråklege barn». Det har vært god deltaking. Temaet er aktuelt i tida og kompetansebehovet er stort. Både brukarar og PPT er nøgde med tilbodet.

Delmål 2

PPT skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

Tiltak i grunnskolen knytt til Delmål 2	Vurdering
<p>PPT skal ha faste kontaktpersonar på alle skolar i distriktet. Gjennom kontaktpersonordninga ønskjer PPT å halde god kontakt med den enkelte skolen og medverke til at det vert etablert gode rutinar for samarbeid mellom skolane og PPT.</p> <p><i>Oppgåvene til Kontaktpersonen er nedfelt i "Retningslinjer for kontaktpersonordninga" og i "Årshjul for arbeidet i Vest-Telemark PPT"</i></p>	<p>Regelmessig kontakt og god kjennskap til skolen er ein positiv faktor for samarbeidet. Tpo-teamet ved den enkelte skole er ein viktig arena for samarbeidet.</p> <p>Gjennom godt samarbeid kan PPT saman med skolane jobbe for at alle elevar får eit tilpassa, inkluderande og likeverdig opplæringstilbod.</p>
<p>PPT skal tilby fast kontakttid ved skolane. Med fast kontakttid ønskjer PPT å vere meir tilgjengeleg for tilsette i skolane.</p> <p>I kontakttida vil PPT ha fokus på førebyggjande arbeid slik at skolen i størst mulig grad kjem i forkant av problem og lærevanskar. Dvs.:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Komme inn/rettleie på eit tidleg nivå i forkant av problem og lærevanskar. Gi råd om korleis situasjonen kan avhjelpast innanfor ordinær opplæring slik. • Hjelpe skolen med å analysere betingelser og konteksten rundt det enkelte barnet (analysemodellen) • Kompetansespreiing og rettleie i forhold til læringsmiljø, klasseleiing, faglig tilrettelegging, utvikling av sosial kompetanse og førebyggjande arbeid. • Rådgje skolane i førtilmeldingsarbeidet. 	<p>Samarbeidsforma er ny og det krev utprøving i forhold til å finne nyttige måtar å jobbe på.</p> <p>Korleis ein lykkast varierer frå skole til skole, blant anna avhengig av skoleinterne rutinar, systemteoretisk forståing og korleis det blir lagt til rette for samarbeidet slik at aktuelle personar kan delta i rettleiinga.</p> <p>Der det fungerer godt har arbeidet i kontaktida bidrar til å førebygge at vanskar utviklar seg og at fleire får god hjelp innanfor rammene av det ordinære opplæringstilbodet, noko som igjen påverkar omfanget av tilmeldingar til PPT og bruken av spesialundervisning.</p>

<p>PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for barn og unge med særskilte opplæringsbehov.</p> <p><i>Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar.</i></p>	<p>PPT kan bidra med evidensbasert kunnskap om korleis spesialundervisning best kan bli gjennomført og korleis ein kan jobbe for å auke sosial kompetans, ivareta overgangar i skoleløpet, mm. Slike forhold blir også drøfta i arbeid rundt den enkelte elev.</p>
<p>PPT vil ta initiativ til fagnettverk på aktuelle faglege utviklingsområde for skolen.</p> <p>Vår 2016 fagnettverk om minoritetsspråklige.</p>	<p>Både i vårsemesteret og i haustsemesteret har PPT tatt initiativ til nettverk med tema opplæring av fleispråklege elevar. Det har vært god deltaking. Temaet er aktuelt i tida og kompetansebehovet er stort. Tilbakemeldingane er gode.</p>
<p>PPT skal delta i aktuelle møteplasser for info, dialog og samarbeid.</p> <p><i>Eks: Forum for utdanning (omfattar barnehage, gr.skole og VGO), andre møte i kommunane.</i></p>	<p>Forum for utdanning er den staden der leiar av PPT regelmessig møter representantar for skoleeigarane i kommunane og er såleis ein viktig arena for utveksling av informasjon og drøftingar.</p>

Tiltak i vidaregåande opplæring knytt til Delmål 2	Vurdering
<p>PPT skal ha faste kontaktpersonar på dei vidaregåande skolane. Gjennom kontaktpersonordninga skal PPT halde god kontakt med skolane og arbeide i tråd med inngåtte samarbeidsavtalar med skolane, rutinebeskrivingar samt «Prinsipp og prosedyrar for spesialundervisning i Telemark».</p> <p><i>Jf. Styringsdokument, rutinar og rettleiarar gjeldande for Telemark fylkeskommune</i></p>	<p>PPT har faste kontaktpersoner som jobbar inn mot vidaregåande skole. Fast kontaktperson gir skole og PPT anledning til å bli godt kjent med kvarandre sine oppgaver, forståing og handlingsmåter. God relasjon er viktig for eit godt samarbeid, ordninga gir denne muligheita.</p> <p>Frå august 2016 har VT-PPT også hatt ansvar for pp-tenestar til Vest-Telemark vgsk-avd Seljord. Samarbeidet er kome inn i gode former.</p>
<p>PPT har fast kontakttid på vidaregåande skole. Med fast kontakttid ønskjer PPT å vere meir tilgjengeleg for tilsette i skolen. I kontakttida vil PPT ha fokus på førebyggjande arbeid slik at skolen i størst mulig grad kjem i forkant av problem og lærevanskar. Dvs:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Komme inn og rettleie på eit tidleg nivå i forkant av problem og lærevanskar. Gi råd om korleis situasjonen kan avhjelpast innanfor ordinær opplæring.</i> • <i>Hjelpe skolen med å analysere betingelser og konteksten rundt den enkelte elev (analysemodellen)</i> • <i>Kompetansespreiing og rettleie i forhold til læringsmiljø, klasseleiing, faglig tilrettelegging, utvikling av sosial kompetanse og førebyggjande arbeid.</i> • <i>Rådgje skolane i førtilmeldingsarbeidet.</i> 	<p>Det er mykje å vinne på at PPT har auka tid i skolane. Det blir lettare for lærarar å kontakte PPT og vice versa. Det blir viktig å vidareutvikle arbeidsforma og finne fram til nyttig organisering og bruk av tida.</p> <p>Arbeidsform med bruk av analysemodell, jf «Prinsipper og prosedyrer for spesialundervisning i Telemark», har fungert særlig bra på Seljord VGO der fleire har tatt den svært godt i mot. Bruken av modellen har vært særlig tilpassa den tida lærarar/skolen avsette på problemstillinga.</p>

<p>PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for elevar, lærlingar og lære kandidatatar med særskilte behov. <i>Gjeld for opplæringa i gjeldande skole/lærebedrift og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar.</i> <i>Eks. Rutinar for samarbeid om lære kandidatatar, Regionale samlingar</i> Regional samlig obligatorisk for dei som jobbar inn mot usk+vgsk</p>	<p>Vest-Telemark vgsk. avd. Dalen har avvikla T-råd. T-råd var skolens arena for drøftingar av tilrettelegging av opplæringa for elevar, denne er no er borte. PPT er ved dette grepet heller ikkje lenger sikra kontakt med skuleleiinga, noko som er uheldig.</p>
<p>PPT skal så langt råd er delta på dei aktuelle møteplassane for info, samarbeid og kompetanseutvikling som fylkeskommunen legg opp til. <i>Gjeld T- leier samling, leiarmøte, mm.</i></p>	<p>Det har vore gjennomført fleire årlige møte, til dømes T-leiarsamlingar og regional samling, sist nemnde i samband med informasjon om lovforståing og praksis i samband med ny innsøking til vidaregåande opplæring.</p>
<p>PPT skal samarbeide med dei andre PPT-kontora i fylket, som yter tenester til dei vidaregåande skolane, for å utvikle ein eins praksis overfor skolane. <i>Nettverksmøte inntil fire g. pr. år</i></p>	<p>Fire årlige møter i nettverk. Viktig samarbeid for koordinering, utvikling av felles faglig forståing og praksis i vidaregåande skolar i Telemark.</p>

Tiltak som gjeld alle knytt til Delmål 1 og 2	Vurdering
<p>PPT skal delta på møteplassar for dialog og samhandling med andre offentlege hjelpetenester. Dette for å bidra til at hjelpetenestane har godt kjennskap til dei ulike tilboda og slik bidra til at barn og deira familiar skal få heilskapleg og koordinert hjelp til rett tid. <i>Eks: Kompetansenettverket i Vest-Telemark(barnevernstenesta, familiekontoret, PP-tenesta, Bufetat)</i></p>	<p>PPT deltar tverrfaglig samarbeidsgrupper i Kviteseid kommune og Nissedal kommune. At hjelpetenestane kjenner til kvarandre sitt mandat og måte å utføre tenesene på er viktig når ein skal samarbeide til beste for brukarane i for eksempel ansvarsgrupper. Det har ikkje vore aktivitet i kompetansenettverket i Vest-Telemark dette året.</p>
<p>PPT vil gi informasjon om tenestetilbodet til barnehagar, skolar og andre brukarar gjennom PPT si heimeside. PPT formidlar aktuelt fagstoff på Facebook sida si (Vest-Telemark PPT). PPT har laga informasjonshefta: <ul style="list-style-type: none"> • «Bekymring kring barns læring og utvikling» • «Bekymring kring elevens læring og utvikling». Hefta omtalar rutinane PPT jobbar etter i samarbeidet med barnehage og skole.</p>	<p>Med heimesida ønskjer vi å at informasjon om PP-tenesta og det tenestetilbodet PP-tenesta gir, skal vere lett tilgjengeleg for brukarane. Det er vårt inntrykk at sida blir nytta..</p> <p>FB sida blir følgt av mange i Vest-Telemark og er en fin måte å dele aktuelt fagstoff og fagdebatter på.</p> <p>PPT sine informasjonshefte er nyttige i møte med den enkelte lærer.</p>

Fokusområde: Individretta arbeid

Delmål 3

PPT skal som sakkunnig instans medverke til at barn, unge og voksne med særskilde behov får ei likeverdig opplæring.

Tiltak knytt til Delmål 3	Vurdering																																																																																																																				
<p>Sakkunnig vurdering skal gjennomførast i tråd med lovverk, Utdanningsdirektoratets rettleiar og interne retningslinjer for arbeidet.</p> <p>Dette gjeld sakshandsamingsprosedyrar, behandlingstid (innan 3. mnd.), gjennomføring, utgreiing og skriftleg framstilling.</p>	<p>Lovverk og Utdanningsdirektoratets rettleiarar og malar blir følgt. Behandlingstida er innanfor 3 mnd. for dei fleste tilmelde saker. Det er gjort 141 sakkunnige vurderingar i 2016, der av 138 som omhandlar behovet for spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning. I 69,5 % av disse har vi svart ja og i 30,5 % nei.</p> <p>Tilmeldingar av individsaker til PP-tenesta</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>År</th> <th>1.g.tilm.</th> <th>2.g.tilm.</th> <th>tilm.totalt</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>2016</td> <td>61</td> <td>47</td> <td>108</td> </tr> <tr> <td>2015</td> <td>55</td> <td>56</td> <td>111</td> </tr> <tr> <td>2014</td> <td>58</td> <td>76</td> <td>134</td> </tr> </tbody> </table> <p>Omfanget av tilmelde individsaker er stabilt.</p> <p>Tilmeldingar individsaker til PPT</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Kommune</th> <th>2014</th> <th>2015</th> <th>2016</th> </tr> <tr> <td></td> <td>%</td> <td>%</td> <td>%</td> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Fyresdal</td> <td>13.4</td> <td>9</td> <td>5.5</td> </tr> <tr> <td>Kviteseid</td> <td>16.4</td> <td>30</td> <td>17.5</td> </tr> <tr> <td>Nissedal</td> <td>9.7</td> <td>4</td> <td>15</td> </tr> <tr> <td>Seljord</td> <td>14.9</td> <td>15</td> <td>11</td> </tr> <tr> <td>Tokke</td> <td>8.9</td> <td>13</td> <td>8</td> </tr> <tr> <td>Vinje</td> <td>29.8</td> <td>13</td> <td>25</td> </tr> <tr> <td>Telemark fylkeskommune</td> <td>6.7</td> <td>16</td> <td>17.5</td> </tr> </tbody> </table> <p>Alder for tilmelding til PP-tenesta</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Alder</th> <th>2014</th> <th>2015</th> <th>2016</th> </tr> <tr> <td></td> <td>%</td> <td>%</td> <td>%</td> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>0-2 år</td> <td>1.5</td> <td>3</td> <td>1</td> </tr> <tr> <td>3-5 år</td> <td>17</td> <td>16</td> <td>21</td> </tr> <tr> <td>6-9 år</td> <td>30</td> <td>22</td> <td>21</td> </tr> <tr> <td>10-12 år</td> <td>18</td> <td>17</td> <td>15</td> </tr> <tr> <td>13-15 år</td> <td>18</td> <td>19</td> <td>17</td> </tr> <tr> <td>16-18 år</td> <td>4.5</td> <td>10</td> <td>14</td> </tr> <tr> <td>19 - år</td> <td>11</td> <td>13</td> <td>11</td> </tr> </tbody> </table> <p>Intensjon om tidleg innsats inneber mellom anna at elevane blir melde og får hjelp tidleg i opplæringsløpet. 58 % av tilmeldingane kjem i aldersgruppa 0-12 år og 31 % i aldersgruppa 13-18 år.</p> <p>Type vanskar som er melde</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Vanskar</th> <th>2014</th> <th>2015</th> <th>2016</th> </tr> <tr> <td></td> <td>%</td> <td>%</td> <td>%</td> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Hørselshemma</td> <td>1</td> <td>3</td> <td>2</td> </tr> <tr> <td>Synshemming</td> <td>1</td> <td></td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>Generelle lærevanskar</td> <td>6</td> <td>10</td> <td>10</td> </tr> <tr> <td>Samansette vanskar</td> <td>7</td> <td>5</td> <td>6</td> </tr> <tr> <td>Medisinske vanskar</td> <td>1</td> <td>7</td> <td>9</td> </tr> </tbody> </table>	År	1.g.tilm.	2.g.tilm.	tilm.totalt	2016	61	47	108	2015	55	56	111	2014	58	76	134	Kommune	2014	2015	2016		%	%	%	Fyresdal	13.4	9	5.5	Kviteseid	16.4	30	17.5	Nissedal	9.7	4	15	Seljord	14.9	15	11	Tokke	8.9	13	8	Vinje	29.8	13	25	Telemark fylkeskommune	6.7	16	17.5	Alder	2014	2015	2016		%	%	%	0-2 år	1.5	3	1	3-5 år	17	16	21	6-9 år	30	22	21	10-12 år	18	17	15	13-15 år	18	19	17	16-18 år	4.5	10	14	19 - år	11	13	11	Vanskar	2014	2015	2016		%	%	%	Hørselshemma	1	3	2	Synshemming	1		0	Generelle lærevanskar	6	10	10	Samansette vanskar	7	5	6	Medisinske vanskar	1	7	9
År	1.g.tilm.	2.g.tilm.	tilm.totalt																																																																																																																		
2016	61	47	108																																																																																																																		
2015	55	56	111																																																																																																																		
2014	58	76	134																																																																																																																		
Kommune	2014	2015	2016																																																																																																																		
	%	%	%																																																																																																																		
Fyresdal	13.4	9	5.5																																																																																																																		
Kviteseid	16.4	30	17.5																																																																																																																		
Nissedal	9.7	4	15																																																																																																																		
Seljord	14.9	15	11																																																																																																																		
Tokke	8.9	13	8																																																																																																																		
Vinje	29.8	13	25																																																																																																																		
Telemark fylkeskommune	6.7	16	17.5																																																																																																																		
Alder	2014	2015	2016																																																																																																																		
	%	%	%																																																																																																																		
0-2 år	1.5	3	1																																																																																																																		
3-5 år	17	16	21																																																																																																																		
6-9 år	30	22	21																																																																																																																		
10-12 år	18	17	15																																																																																																																		
13-15 år	18	19	17																																																																																																																		
16-18 år	4.5	10	14																																																																																																																		
19 - år	11	13	11																																																																																																																		
Vanskar	2014	2015	2016																																																																																																																		
	%	%	%																																																																																																																		
Hørselshemma	1	3	2																																																																																																																		
Synshemming	1		0																																																																																																																		
Generelle lærevanskar	6	10	10																																																																																																																		
Samansette vanskar	7	5	6																																																																																																																		
Medisinske vanskar	1	7	9																																																																																																																		

	<table border="1"> <tr> <td>Språkvanskar</td> <td>32</td> <td>22</td> <td>37</td> </tr> <tr> <td>Lese- og skrivevanskar</td> <td>18</td> <td>22</td> <td>20</td> </tr> <tr> <td>Matematikkvanskar</td> <td>3</td> <td>3</td> <td>1</td> </tr> <tr> <td>Sosiale- og emosjonelle vanskar</td> <td>27</td> <td>22</td> <td>13</td> </tr> <tr> <td>Utsett skolestart</td> <td>1</td> <td>3</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Prematur</td> <td>0</td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Anna</td> <td>2</td> <td>3</td> <td>1</td> </tr> </table>	Språkvanskar	32	22	37	Lese- og skrivevanskar	18	22	20	Matematikkvanskar	3	3	1	Sosiale- og emosjonelle vanskar	27	22	13	Utsett skolestart	1	3		Prematur	0			Anna	2	3	1	
Språkvanskar	32	22	37																											
Lese- og skrivevanskar	18	22	20																											
Matematikkvanskar	3	3	1																											
Sosiale- og emosjonelle vanskar	27	22	13																											
Utsett skolestart	1	3																												
Prematur	0																													
Anna	2	3	1																											
<p>PPT skal utarbeide sakkunnig vurdering av høg kvalitet som gir godt grunnlag for å avgjere om det skal fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, eller om det skal settast inn tiltak innanfor ramma av ordinær opplæring.</p> <p>Alle sakkunnige vurderingar skal drøftast internt, dette med tanke på kvalitetssikring, likeverdig tilbod, felles forståing og praksis.</p>	<p>Gjennom kollegarettleiing blir det systematisk jobba for at kvaliteten på sakkunnig vurdering skal vere eit godt grunnlag både for vedtak og planlegging av spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.</p>																													
<p>PPT skal i si vurdering bygge på ny evidensbasert kunnskap. Analyse og vurdering av barnet /elevens heilskaplege læringsmiljø skal ha fokus i FSB/TPO-arbeidet, førtilmeldingsarbeidet og dei sakkunnige vurderingane.</p> <p>Sakkunnig vurdering skal gi godt grunnlag for utarbeiding av IOP/plan for spesialpedagogisk hjelp. Realistiske opplæringsmål, tiltak og organisering av tiltaka skal komme tydeleg fram i tilrådinga. Ev. behov for særleg kompetanse bør komme fram.</p>	<p>Forskning presiserer samanhengen mellom elevens læringsutbytte og det læringsmiljø eleven er ein del av. I sakkunnig vurdering blir både forhold ved eleven og det læringsmiljøet eleven er ein del av undersøkt.</p> <p>Utviklingsområde i 2016 har vore at mål i sakkunnig vurdering og læreplanverket heng saman. Dette er eit arbeid som vi framleis vil halde fram med å utvikle og forbetre.</p>																													
<p>Sakene vil til vanleg bli avslutta etter at sakkunnig vurdering er ferdigstilt jf. interne retningsliner for individualsaker(vgs. er unntatt). Rådgivar skal etterspørje kompetansebehovet som ein del av utgreiinga. Rådgiving blir gitt ved behov. Ein plan for rådgivinga skal ligge føre og godkjennast av leiar.</p>	<p>Det blir gitt rådgiving i etterkant når det blir etterspurt. Det blir også gitt tilbod om dette når rådgivar ser at det kan vere behov for auka kompetanse.</p>																													
<p>PPT er sakkunnig instans for vaksne med rett etter opplæringslova § 4A-2.</p>	<p>Det er ei avgrensa mengde slike saker. Det er likevel viktig å ha kompetanse på regelverk og ulike moglegheiter for denne gruppa. Det er oppretta eit fagnettverk for PPT tilsette i fylket</p>																													

	som han ansvar for utgreiing av desse sakene. Dette for å auke kompetansen på området
PPT skal kunne hjelpe kommunane med rettleiing til føresette etter § 5-7. <i>Gjeld rettleiing omkring barn i ein tidleg fase og som har medfødt eller tidleg erverva funksjonshemming</i>	PPT har gitt rettleiing i to slike saker dette året. Det er PPT sin meining at slike saker burde vært meldt PPT tidelegare, då slik foreldrerettleiing bør starte så tidleg som mulig.

Fokusområde: Læring og utvikling av tenesta.

Delmål 4

PPT skal vere ein lærande organisasjon som vidareutviklar sin kompetanse og sine strategiar for utføring oppgåvene.
--

Tiltak knytt til Delmål 4	Vurdering
<p>PPT vil fortsatt arbeide intern og eksternt for å vidareutvikle det systemretta tenestetilbodet til brukarane, dette handlar om at :</p> <ul style="list-style-type: none"> • PPT er tilgjengeleg for å bidra med kompetanse, rettleiing, råd og hjelp til barnehagar, skolar, barn, elevar og foreldre. Brukarane skal vite korleis ein kan få hjelp, kva slags hjelp ein kan forvente seg og når ein kan forvente å få hjelp. • PPT arbeider førebyggjande slik at barnehage og skole i størst mulig grad kjem i forkant av problem og lærevanskar • PPT bidrar på eit tidleg tidspunkt i et barns liv og/ eller raskt når problem oppstår eller blir avdekt i barnehagealder, i opplæringsløpet eller i vaksen alder • PPT vil ha fokus på og bidra til styrking av kjerneaktiviteten i barnehage og skole, slik at rett opplæring og hjelp kan bli gitt innan ordinær opplæring. <p>Tiltak :</p> <ul style="list-style-type: none"> • Intern og eksternt arbeid der ein vidareutviklar kompetansen i systemretta rettleiingsarbeid, omfattar bruk av pedagogisk analyse i førebyggjande arbeid og i utgreiingar av individsaker. • Evaluering og vidareutvikling av arbeidet i dei systemretta tiltaka vi har i dag slik som kontaktpersonordninga, TPO-team og kontakttid. • Evaluering og vidareutvikling av arbeidet 	<p>Kommunikasjon og kommunikasjonsverktøy i rettleiing har vore tema for etterutdanninga og det internt utviklingsarbeidet. I samarbeid med alle PPT-kontor i Telemark og Statped har vi hatt fire felles etterutdanningsdagar med forelesingar og gruppearbeid.</p> <p>Knytt til etterutdanninga har vi i mellomperiodane hatt individuelle øvingsoppgåver og interne fagøktar der vi har delt erfaringar frå øvingane og fordjupa oss i og reflektert rundt det teoretiske fagstoffet. Dette blir opplevd som en suksessfaktor. At det er satt av tid til å jobbe med faglige spørsmål</p>

<p>med «Forum for systemretta arbeid i barnehagen», lågterskeltilbod og førebyggjande arbeid i barnehagen.</p>	<p>er avgjørande for utvikling og kvalitet i tenestetilbodet.</p>
<p>PPT vil ha fokus på den faglege og den kommunikative kvaliteten av dei sakkunnige vurderingane (sjå også individretta arbeid). I gjennomføringa av sakkunnig vurdering vil PPT legge Veiledere til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning (Udir 2014) til grunn og nytte Udirs malar for sakkunnig vurdering.</p>	<p>Vi arbeidar kontinuerleg med å skrive sakkunnige vurderingar som kan vere eit godt dokument for dei som skal fatte enkeltvedtak og som kan vere til hjelp i arbeidet med IOP. Presisjon i tilråding av mål, tiltak og omfang av spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning har vore i fokus og har blitt meir presise.</p>
<p>PPT skal delta i etterutdanning som PPT- kontora i Telemark samarbeider om å gjennomføre i tråd med «Strategi for etter- og vidareutdanning av tilsette i PPT (SEVU-PPT)» meld først i St.meld 18 (2010-2011) <i>Læring og fellesskap. Formålet er å styrke kompetansen og bidra til større fokus på systemretta arbeid i PPT.</i> Tema for etterutdanninga 2016 er Systemteori, Kommunikasjonsteori, rådgivarrolla i systemarbeid. Det vil elles bli prioritert kompetanseheving/kurs som relaterer seg til aktuelle utviklingsområde.</p>	<p>PPT- kontora i Telemark har i samarbeida med Statped om opplegget for etterutdanninga. Statped, Agora og Lent har stått for gjennomføringa av det faglege innhaldet. Temaet har vore Kommunikasjon i rettleiing, gruppeleiing og positiv psykologi med fokus på verktøy som strukturerer og skaper en retning i rettleiingssamtalar. VT-PPT har jobba systematisk med øvingar i periodane mellom førelesingane. Vi er godt fornøyd med dette etterutdanningsopplegget. Vi ser det som en stor fordel at PPT - kontora i Telemark samarbeider for å utvikle kompetansen og dermed også kvaliteten i tenestetilbodet.</p>
<p>PPT skal delta i fagnettverk for PPT- tilsette i Telemark. Gjeld ulike fagnettverk som barnehagenettverket, vgo-nettverket, nettverk for vaksenopplæring, mm</p>	<p>Det har vore god aktivitet i «vgo-nettverke», i nettverk for PP-rådgivarar som jobbar inn mot vaksne og i språknettverket. Det er viktig å ha forum for faglige drøftingar på desse om områda. Som nemnd tidlegare er «vaksenopplæringsnettverket» viktig for oss for å halde på og utvikle kompetansen. Det har ikkje vore aktivitet i «fagnettverk for PPT i barnehage» i 2016.</p>

5. Driftsrekneskap 2016

Inntekter 2016	Utgifter 2016	Resultat 2016	Rev. budsjett 2016
7 153 928,30	7 238 833,79	204 729,14	7 060 256,00

5.1 Avvik

Sum driftsinntekter er større kr 93 672.30 enn berekna. Dette skyldast innkomne sjukepengar, høgare renteinntekter, innbetalte kaffepengar frå tilsette og inntekter for kopiering.

Sum driftsutgifter er kr. 96 315.30 mindre enn berekna. Dette skyldast i hovudsak mindre kjøp av varer og tenestar.

5.2 Prioriterte oppgåver

Vest-Telemark PPT har prioritert ordinær drift, med fokus på kvalitet og tidleg innsats i systemretta tenestar og melde individ saker.

5.3 Reneskapsmessige resultat

Det er eit mindreforbruk på kr. 204 729.14.

6. Oppsummering 2016

Utdanningdirektoratet lanserte i 2016 Kvalitetskriterium i PP-tenesta. Formålet med kriteria er å medverke til kvalitet i tenesta. Kriteria ta utgangspunkt i Meld. St.18, Læring og fellesskap og dei forventningane til PP-tenesta som blei lansert der.

Vest-Telemark PPT har i perioden 2013-2015 hatt eit utviklingsarbeid gåande med utgangspunkt i desse forventningane. Det er dette som er bakgrunnen for korleis Vest-Telemark PPT organiserer tenestetilbodet i dag. Målet er å vere ein *tilgjengeleg teneste* for brukarane, ein teneste som *arbeider førebyggjande*, gir *tidleg innsats* og som har *høg fagleg kompetanse*.

Forum for systemarbeid i barnehage, Tidleg innsats-team, faste kontaktpersoner, fast kontakttid på kvar skole, samarbeid i TPO-team og T-råd er eksemplar på korleis vi arbeider for å vere tilgjengelege for barnehage og skole, arbeide førebyggjande og bidra til tidleg innsats. Kontinuerleg merksemd mot forskning, evidensbasert praksis og kvalitet i tenestane, kjenneteiknar korleis vi prøver å oppretthalde og fornye vår kompetanse. Dette gjeld så vel det systemretta arbeidet som arbeidet med sakkunnig vurdering.

Kvalitetskriteria for PP-tenesta kan vere eit godt utgangspunkt for faglege diskusjonar og avklaringar med kommunane både i det nye «Fagrådet» som blir starta opp i 2017 og i dei regelbundne samarbeidsmøta med kommunalsjefane og rektorar i kvar kommune.